

# Slik bør inntektsgapet tettast for å nå måla

2024-02-01

Optional[© Bondebladet]

Alle artikler er beskyttet av lov om opphavsrett til åndsverk. Artikler må ikke viderefremidles utenfor egen organisasjon uten godkjenning fra

Retriever eller den enkelte utgiver.

Les artikkelen ved å klikke her.

8 AKTUELT

Torsdag 1. februar 2024

BONDEBLADET

Ny rapport:

# Slik bør inntektsgapet tettast for å nå måla

**Hurdalsplattforma seier at inntekts-gapet skal tettast. Korleis kan det gjerast for at det skal føre oss dit vi vil – og ikkje i ei heilt annan retning? No har det kome ein ny rapport.**

Linda Sundbe  
linda.sunde@bondebladet.no

## BONDENS INNETT

I Hurdalsplattforma står det klart og tydeleg at regjeringa vil «leggje fram ein forplikande og tidfesta plan for å tette inntektsgapet mellom jordbruket og andre grupper i samfunnet.» Men opptrappinga skjer ikkje i eit vakuum. Tetting av inntektsgapet kjem til å ha fleire konsekvensar enn at inntekta til bonden aukar.

Dersom opptrappinga for eksempel fører til overproduksjon, kan inntekta raskt synke igjen. Den kan også føre til meir innkjøp av importerte kraftfôrvarer, mindre beiting, sentralisering av landbruket og meir avrenning, alt etter korleis politikarane vel å utføre opptrappinga.

Så korleis kan dei tette inntektsgapet på ein slik måte at det fremmar dei måla dei har sett for landbrukspolitikken – og ikkje motarbeider dei?

### Fire mål

Det har AgriAnalyse og Ruralis prøvd å svare på i ein ny rapport dei har skrive i fellesskap, som heiter «Opptrapping i jordbruket – Ei ny retning for å betre svara opp dei landbrukspolitiske måla».

Dei har sett som premiss at inntektsopptrappinga skal gjennomførast. Ut frå det drøftar dei kva slags endringar som kan gjerast i politikken – og i fyrste rekke tilskottssystemet – for å betre svara på dei landbrukspolitiske måla som er fastsett av Stortinget.

Stortinget har bestemt fire landbrukspolitiske mål. Det er:

- Matsikkerheit og beredskap
- Landbruk over heile landet
- Auka verdiskaping



**AREAL:** Å kople støtta sterkare til areala, vil styrke beredskapen og mattryggleiken på lang sikt, meiner Torbjørn Tuft.

FOTO: AGRIANALYSE

- Berekraftig landbruk med lågare utslepp av klimagassar.

### – Heilt annleis

Den førte store opptrappinga var etter jamstillingsvedtaket i 1975.

– Premissane for ei opptrapping er heilt annleis no enn dei var då, seier Torbjørn Tuft, prosjektleiar i AgriAnalyse og forfattar av rapporten.

– Norsk jordbruk er konkurranseutsatt på ein heilt annan måte. No har vi tollbasert importvern, forpliktingar når det gjeld subsidiar, og EØS-avtale. Handlingsrommet er mindre. Det kan fort bli eit for stort prisgap til andre land, og då kjem avsetninga vår i trøbbel. Importvarer kan då auke konkurransekrafta si i den norske marknaden, og både norske bønder og matindustri vil slite. Du kan altså få uheldige konsekvensar av inntektsopptrappinga dersom du ikkje tenkjer gjennom ting, åtvarar han.

### Meir av det same

Forfattarane Torbjørn Tuft, Erik Magnus Fuglestad og Anders M. Melås kjem med eit klart råd i rapporten:

– Vi fremjar at vi må byrje å vektlegge sjølve arealet, produksjonsgrunnlaget, sterkare, seier Tuft.

– Dersom vi fortset som i dag, berre med meir pengar, tilseier det meste at utviklinga vi har i dag vil halde fram, med færre bruk, større bruk, høgare avdrått og fallande norskandel i føret. Det kan hende mange syns det er tipp topp. Men eg trur ikkje det gir betre måloppnåing, kring landbruk i heile landet, matsikkerheit og beredskap eller berekraftig landbruk. Og

både Riksrevisjonen og OECD har peika på at måloppnåinga ikkje er allverda. Matsikkerheit og beredskapen ligg i sjølve jordbruksarealet vårt. Då må vi ta vare på det jordbruksarealet vi har, seier han.

– Det er fire mål. Vi seier at det å vektlegge arealet og korleis vi produserer varene, høgare, kan gi betre måloppnåing, seier Tuft.

### Kontraproduktivt

Areal- og kulturlandskapstilskot er kopla mot areal, ikkje produksjon. Men i norsk landbrukspolitikk er det også ei rekke tilskot som aukar med auka produksjon.

– Forfattarane er kritiske til kva slike tilskot gjer med måloppnåinga vår. Dei kan føre til auka produksjon der og då, men kva skjer på sikt?

Landbruksdirektoratet skreiv i fjor ei utgreiing om kvalitetstilskotet for storfe. Der skreiv dei at tilskotet kan gi bondene inntentiv til å bruke meir kraftfôr, på bekostning av grovfôr og beiting, noko som fører til redusert bruk av norske fôrressursar.

«Dermed kan det argumenterast for at pristilskotet på denne måten er kontraproduktivt for å oppnå målet om landbruk over heile landet og produksjon bygd på bruk av norske arealressursar. Det kan og hevdist at innretninga og satsinga på denne type tilskot kan undergrave målet om matsikkerheit på lengre sikt, sjølv om det er effektivt for sjølvforsyningsgraden dersom ein ser det over kort tid», skriv forfattarane av opptrappingsrapporten.

### Grunnleggjande grep

Dei foreslår nokre prinsipielle endringar i tilskottssystemet. Med endringane vil det bli lagt mindre vekt på produktivitet og kor mykje varer bonden leverer. I staden blir det lagt meir vekt på jordarealet, og korleis det blir drifta.

Ei slik omlegging av landbrukspolitikken krev truleg «store og meir grunnleggjande grep og omprioriteringar enn berre justeringar av midlar innanfor det eksisterande verkemiddelsystemet», skriv dei. Men det å kople tilskot tydelegare mot definerte delmål som støttar opp under dei landbrukspolitiske måla, kan gi betre treffsikkerheit, meiner forfattarane.



**TILSKOT:** AgriAnalyse og Ruralis foreslår prinsipielle endringar i tilskottssystemet. – Vi fremjar at vi må byrje å vektlegge sjølve arealet, produksjonsgrunnlaget, sterkare, seier Torbjørn Tuft i AgriAnalyse.

FOTO: CAMILLA MELLESTRAND

Dei vil vektlegge sjølvforsyningssevne framfor sjølvforsyningsgrad.

– Å kople støtta sterkare til dei norske areala, vil styrke beredskapen og matsikkerheita på lang sikt. For viss jorda er i god stand, kan du prioritere annleis i ei krise. Då kan du plante poteter og korn på grasareal, seier Tuft.

### Meir finmaska

Forfattarane foreslår å bruke elektroniske kart, og etablere meir finmaska og differensierte tilskot, for å kompensere for ulike driftsvanskar, som høgde over havet, helling og klima. «Då kan ein òg skilje mellom egne kornareal og til dømes ravineterreng i flatbygder, noko

Dei peikar også på tilskot som belønner høg grasandel i drøyttygghaldet, lite bruk av kunstgjødsel, ekstensiv oppføring som kastratproduksjon, og utstrakt bruk av utmark/seter.

Dei foreslår vidare å belønne at det blir produsert definerte fellesgode, som biologisk mangfald, kulturlandskapkvaliteter og miljøvenleg drift.

Stimuli retta mot grovførkvalitet, komkvalitet, forgrøde korn, drenering, jordhelse og jordpaking er også på lista deira.

– Skal du ha beredskap, er jordbruksarealet det mest sentrale. Produksjon basert på importerte råvarer er sårbar. Dersom du skal greie å oppretthalde arealet og sikre at det er i god stand i eit 100-årsperspektiv, er det kjempeviktig korleis du driv arealet, seier Torbjørn Tuft.

### Alle har det

– I heile landet er det areal det er viktig blir halde i hevd, om vi skal ta vare på produksjonsgrunnlaget. Alle gardsbruk har eit areal dei tenkjer er marginalt, tungdrive, lite eller ligg langt vekke, men det er det samla arealet og bondene som driftar det som er grunnlaget for norsk jordbruksproduksjon, seier prosjektleiarane.

Rapporten er finansiert av Forskningsmidlene for jordbruk og matindustri. I tillegg har FK Agri, Norges Bondelag, Nortura og Tine stilt med ressurspersonar og fagleg bistand i prosjektet gjennom arbeidsinnsats.

**»** Viss jorda er i god stand, kan du prioritere annleis i ei krise. Då kan du plante poteter og korn på grasareal.  
**Torbjørn Tuft**  
prosjektleiar i AgriAnalyse

som betrar vilkåra for mindre bruk og stimulerer til drift av marginale og tungdrivne areal ute på gardsbruka», skriv dei.

Dei foreslår også å kople talet på husdyr sterkare til garden sine fôrressursar.

oet

a



**EN AV EUROPAS STØRSTE PRODUSENTER AV ENSILERINGSFILM**

**raniplast.com**

<b>Vestlandet:</b>	
Ålgård Landbrukscenter AS, Ålgård .....	Tlf. 51 51 19 40
Aulagro Årdal AS, Årdal .....	Tlf. 51 75 26 40
Aulagro Mjørdal AS, Sjøne .....	Tlf. 52 73 25 30
Hillestad Traktorservice, Hatfelo .....	Tlf. 57 58 43 40
Hule Traktor og Maskin, Byrkjelo .....	Tlf. 57 86 72 00
Hesfjord Maskin AS .....	Tlf. 61 31 43 97
Akershus Traktor, Haugland .....	Tlf. 62 75 50 40
<b>Sørlandet:</b>	
MGitmark & Co, Lillesand .....	Tlf. 37 25 89 00
<b>Midt-Norge:</b>	
Restad Landbruksverksted, Oppdal .....	Tlf. 72 42 10 40
RBL Rindal Bil og Landbruk, Rindal .....	Tlf. 71 56 48 00
Akershus Traktor, Fossum .....	Tlf. 74 82 73 22
Akershus Traktor, Klett .....	Tlf. 74 82 73 22
Akershus Traktor, Steinskjør .....	Tlf. 74 82 73 22
Akershus Traktor, Stjørdal .....	Tlf. 74 82 73 22
Akershus Traktor, Verdal .....	Tlf. 74 82 73 22
Hundseth Mølle, Namdalseid .....	Tlf. 74 22 71 70
<b>Nord-Norge:</b>	
Fiskå Mølle Balsfjord AS, Storsteinnes .....	Tlf. 45 28 77 63
Methusen Landbrukservice, Alta .....	Tlf. 78 43 69 33
Akershus Traktor, Storsteinnes .....	Tlf. 46 91 77 60
<b>Ostlandet:</b>	
Traktorservice, Gol .....	Tlf. 32 07 47 96
Traktorservice, Leira .....	Tlf. 61 35 87 60
Akershus Traktor, Follo .....	Tlf. 48 10 48 73
Akershus Traktor, Harna .....	Tlf. 91 80 90 23
Akershus Traktor, Hønefoss .....	Tlf. 99 01 61 64
Akershus Traktor, Jessheim .....	Tlf. 63 94 85 80
Akershus Traktor, Bjørkelangen .....	Tlf. 63 85 42 00
Akershus Traktor, Mjøndalen .....	Tlf. 41 40 48 60
Akershus Traktor, Orangedal .....	Tlf. 78 07 47 15
Akershus Traktor, Torshov .....	Tlf. 97 12 70 52
Akershus Traktor, Revetal .....	Tlf. 95 87 08 02
Akershus Traktor, Vinstra .....	Tlf. 95 44 48 99
Vinstro Bruk AS, Vinstra .....	Tlf. 41 59 01 20
Leten Mølle AS, Leten .....	Tlf. 62 50 89 85
Fiskå Mølle AS, Hissa .....	Tlf. 62 95 54 44
Nemo Brennboring og Maskin AS, Tyrsel .....	Tlf. 91 39 04 75
Ottadalen Mølle SA, Lom .....	Tlf. 61 21 16 20
Ottadalen Mølle SA, øvd, Veggå .....	Tlf. 61 23 70 72
Strand Unikorn, Moelv .....	Tlf. 62 35 15 00
Strand Unikorn, Hadelund .....	Tlf. 62 35 15 00
Agro Øst, Toiga .....	Tlf. 15 77 95 01
Odals Innkjøpslag, Skarnes .....	Tlf. 62 56 11 46
Kræmo Seg, Ryfoss .....	Tlf. 61 36 81 85
Vestfoldmøllene, Borgen Andebu .....	Tlf. 47 79 00 00

Her får du kjøpt din Rani Rundballeplast Vi leverer rett fra fabrikk



FØRSESONGTILBUD  
FREM TIL 15.02.2024

**Rani SILO**

**Rani SILO<sub>2</sub>**

**Rani WRAP**

**AGRI WRAP**

**Rani BIND**



Leading producer of agricultural film